

Skriftleg spørsmål til ordførar

KO 11.mai 2023.

Ordførar:

I kommunen vår er det eit stort engasjement frå innbyggjarane, næringsliv, lag og organisasjoner for eit regionalt kulturhus.

Forprosjektet er gjennomført for lenge sidan, og det som kom fram der er like aktuelt i dag.

Prosesssen var også godt forankra i dens tid i dei tre tidlegare kommunane.

For å kunne arbeide med eit framtidig kulturhus er det avgjerande at vi får ei tenleg og sentral plassering i regionsenteret Knarvik.

Eg veit at dette blir tatt opp gjennom kommuneplanens arealdel, og forhåpentlegvis bli lagt til høyring i denne kommunestyreperioden, så vil det gå ei tid ennå før vi veit kor kulturhuset skal plasserast.

Vi har ein krevjande kommuneøkonomi, men det kostar ikkje å finne tomt til eit framtidig kulturhus.

Mange lurer på kor tomta er, og når tid dette blir bestemt.

Etter mi meinung hastar denne avgjersla.

Får ein avsett tomt, vil ein også kunne starte arbeidet med finansieringa, - spesielt opp mot næringslivet.

Spørsmål:

Kor står saka vedk plassering av kulturhuset?

Vil ordførar ta initiativ til at det vert satt i gong ein eigen prosess uavhengig av arealplanen for å endeleg plassere det regionale kulturhuset, slik at ein ikkje må vente til endeleg vedtak av arealplanen som er venta i neste kommunestyreperiode.

Astrid Aarhus Byrknes

Gruppeleiar KrF